

MEDLEMSINFO

april 09



Teaterfestivalen 2009,

Den **5.mars** fekk en del av ungane i sanggruppa møte igjen Marie Louise Widnes. Ved åpninga av teaterfestivalen holdt ho eit kåseri. Ho var innom både Lyspunktet og eldresenteret på Klipra. Kåseriet vart sendt på NRK og i Sunnmørsposten radio i tillegg til omtale i Sunnmørsposten. <http://www.smp.no/section/VIDEO/1225&id=568>. Ho sang og fortalte om barnerim og regler. Vi fekk spørsmål om å kome å synge av dei songane ho lærte oss og 10 av sangerane våre fekk plass til å bli med.

Styret

Styret har konstituert seg og består av: leiar – Solfrid Vatnehol, skrivar- Bjørg Thorseth, kasserar – Svein Vatnehol, styremedlem Bente Fiskerstrand og Harald Bjørlykke, vara-Marit Moen og Svein Are Vatnehol.

Det er holdt et foreldremøte og referat blir sendt ut til føresatte.

Fylkeskappleiken 2009

Helga 28 og 29 mars var vi i Fosnavågen. Havella var årets arrangør. Vi hadde start i dei fleste klasser, og henta heim mange premier. Laurdagen vart en travel dag, det var ikkje så mange påmeldte totalt, og det vart tett imellom innsлага der vi var i elden.

Fele/hardingfele rekrutt: Synne Tørlen Follestad spelte fint og klarte jobben veldig bra.

Fele B: Her klarte Sindre å spele til 1. Plass, han spelte ein springar og ein halling frå stafset samlinga.

Vokal solo rekrutt: Tirill T. Follestad sjarmerte med ei sot og trygg stemme som nådde publikum, en flott opptreden , Vilde Øye sang flott og klarte å sette sitt preg på sangen, noko publikum sette pris på. Synne T. Follestad song reint og fint, med stødig rytme. Med ei fin stemme sang Anniken Istad Skog, med tydelig tekst og fin flyt. Gratulere med flott jobb alle fire!

Vokalgruppe rekrutt: Ingrid og Nora Moen og Sunniva viste at dei hadde øvd på å synge i gruppe , dei sang så fint og presist. Det var flott samklang.

Lagsang junior: Kari Mette har hjelpt ungane med sangen i haust, og laget heldt bra trøkk og god takt. Frå dommarane fekk dei kommentar om veldig god tekstutale, og dei likte godt kor dei slo seg laus i lag med trekkspellet.

Eldre folkemusikk junior: Det er siste året Sture Vatnehol er junior, i kampen om napp i vandrepromien slo han dei to i senior, og har no første nappet i den nye vandrepromien. (i fjar fikk han en kopi av sunnmørsharpa til odel og eige)

Lagspel eldre folkemusikk: Publikum blir som alltid fasinert over innslaget til lurgruppa. Vi er heldige som har ein slik gjeng.

Hardingfele C: Lene Tørlen Follestad og Erlend Alexander Nitter spelte her. Det er ikkje enkelt å stille mot dei som er mange år eldre, alikavel klarte begge seg bra.

Hardingfele B: Sindre som forteller at han omrent ikkje har hatt tid til øve på fele, må nok ha spelt litt. Han fekk her mest poeng i B C D klassene og fekk siste nappet i vandrepromien. No har han feleskrinet til odel og eige.

Pardans rekrutt: Marie Styve dansa med Svein Vatnehol og følgde han sikkert gjennom dansen.

Pardans C: Charlotte Eiken Marø dansa med Svein Are som følge og kom på ein 2. plass. Sigrid styve dansa også med Svein Are og Helene og Sture dansa. Begge klarte seg flott.

Lagdans junior og senior: Her fekk me alle på golvet. Ikkje alle hadde fått øvd, men ingen snubla. Sindre la endelig ned fela etter å ha spelt til nesten alle som dansa. Men han trivest best som spelemann! ☺

Lagspel U/komp senior: Her fekk nokre av juniorane stille i lag med dei vaksne. Dei hadde også øvd det inn med å synge slåttestevet.

Lag spel med komp junior: Dette er den gjengen som øver på onsdagane. Dei fekk skryt for fin takt og god kommunikasjon, og flott avslutning! Og berre 5 poeng bak seniorgruppa!

Havella takka oss for at me møtte mannsterke opp under opninga og var overraske over alle som møtte til kulturkvelden. Et variert og godt program. Live Liaskar leia den første delen av dansen, og fekk dei fleste på golvet. Etter ein lang dag var nok dei fleste slitne, men nokre få klarte å halde natta nesten ut. Sigrid, Helene, Charlotte og Sindre skrudde klokka fram og heldt ut til halv fem!! Dei blei berre slått av Svein Are som frivillig tok brannvakta for heile natta og gjekk til sengs klokka 08.00.



Lagdans senior og Sindre som speler på hardingfela.



Langt over midnatt- full stemning enno.

Er det nokon av dei under 18 år som ikkje fekk med seg deltakarpremien heim, må vi få beskjed om det innan ei veke.

Konsert 1. April

Det var planlagt konsert på ettermiddag på museet, men båten ville ha oss tidleg på dag, så vi kunne ikkje stille. Kvelden før fekk me spørsmål om å stille ombord i båten 17.15 neste dag. Det vart ein lang kveld med planlegging, og eg takker alle for at de svarte raskt og var hjelpsam med alle data eg trengte på kort tid. Utan at me hadde fått øvd til konsert i år, gjennomførte me flott konserten, og til tross for den korte fristen klarte me å stille med 20 stk.





17. Mai

Vi fekk forespørsel frå Flisnes om å kome å underhalde på 17. Mai festen, men vi har valgt å ta hensyn til at veldig mange ønsker å stille i sine egne kretser denne dagen.

Derfor blir det ingen opptreden 17. Mai.

Sjokoladekappleik 2009

Møre og Romsdal Folkemusikkklag har bede oss ta på oss kappliken i år igjen. Det er ikkje så mange laga rundt om i fylket som har stor barnegruppe og i år var det igjen sunnmøre sin tur.

Vi jobber med å finne folk til komiteen, men regner med at vi klarer å ta på oss arrangementet. Det er mest sannsynlig at det blir i oktober. Det var veldig greit sist og vi satt igjen med et godt overskudd.

Oppstarthelg i august.

Barnegruppa på Hellesylt inviterer oss til ei felles oppstarthelg i slutten av august. Vi reserverer campinghytter og satser på at vi får med mange. ☺ Det blir lurkurs / kvedarkurs / dansekurs. Og en haug med felles moro! Me får lage nokre tilbud til alle dei vaksne også. Så merk av for siste helga i august.

Konsertliste

Liste over konsertane vi har fått bestilling på i sommar er no klar, klokkeslett er ikkje bekrefta enno, det blir ei stund til det er avtalt.

Denne vert sendt ut no, og vi ber om at dokke sender den tilbake så snart som mulig. Er du usikker på dager så marker det. Dukker det opp problem underveis med å stille en dag en har meldt seg, så ordner vi det, men vi må ha beskjed ☺

Grasrotandelen

Ålesund Spelemannslag er registrert i frivilligheits registeret til Norsk Tipping, og er dermed med i ordninga for grasrotandel. Det blir sendt ut eige skriv om korleis du kan støtte laget ditt gjennom Norsk tipping.

Heimesidene på internett

Heimesidene våre er oppe og går igjen, så følg med på <http://www.alesundspelemannslag.no/>, og kom gjerne med bidrag til sidene (foto, historier m.m.)!



Øvingane

Til slutt minner me om øvingane våre som alle er på onsdagar på museet:

Kl. 17.30 Lur-øving og danse-øving og evt.sang.

Kl. 18.00 Feleøving for juniorgruppe og rekruttgruppe og Danseøving.

Kl. 18.45 Slutt for dei yngste.

Kl. 18.50 Danseøving for dei eldste og voksne.

Styret

Solfrid